



Dette er lageret framme på kaia

**Oddbjørn Kroka, som bygg ut bustadområdet Ospelunden, fekk lov til å mellomlagra ein brukt, demontert industrihall av betong på Børneskaia. Kaien skulle lagrast på bakrommet til kaien og avtalen vart inngått i 2012. Imidlertid ligg hallen der framleis trass i mange purringar og Ivar Kåre Døssland i kommunen har sendt eit strengt brev. Han meiner at kommunen har vist Kroka stor tillit men at han ikkje har gjort seg verdig denne tilliten.**

Kroka sprengte ut fjell på industritomta si i Børnes til bruk i Ospelunden og han ville snart få lagringsplass der. Men mykje av hallen ligg framleis framme på kaien der det ikkje vart gjeve løyve til lagring.

Det vart ettertrykkjeleg gjort til kjenne at lagringa måtte skje i bakrommet og ikkje framme på kaien. Lagringstida var maksimum 3 månader.

Elementa som ligg framme på kaien har og sige skeivt og dei er difor ein fare for omgjevnadar og kaikonstrksjon.

Kroka har fått frist til 1. oktober med å fjerna alle element og hallkonstruksjonar og han må også rydda opp alle restar eller lagringa.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Dette er lageret på bakrommet